

Lindås kommune v/byggesaksavdelinga

Søknad om dispensasjon frå plankrav vedrørande oppretting av ny grunneigedom – gbnr 137/690 Alver

Viser til sak 18/3880.

Ved søknad om tiltak, samt deling, er det innanfor område BOP2 krav om detaljregulering, ref. føresegn 2.1.1. Området som er søkt oppretta ligg delvis innanfor BOP2, delvis innanfor regulert trafikkareal og delvis innanfor LNF-område.

Det er i samband med bygging av ny Alversund skule, og grunnverv i den forbindelse, at søknad om oppretting av grunneigedom er kommen. I dialog mellom grunneigar og Lindås kommune har det vore ønskeleg å frådele heile parsellen av 690. Det er lite ønskeleg for begge partar å ha uhensiktsmessig restareal liggjande igjen.

Arealformålet i planen vert ikkje endra. Frådelinga vil ikkje setje omsynet til reguleringsplanen til side. Det vil seie at føremålet med føresegn 2.1.1 vert oppretthaldt.

Det er kun eigarforhold som vert endra, og eigarforhold er ikkje avgjerande for bruken. Frådelinga det er søkt om følgjer tomtegrensene.

Ein dispensasjon vil ikkje gje ulemper verken for privatpersonar/naboar eller ålmenta.

Føremålet med frådelinga er at Lindås kommune v/eigedom skal byggje ny Alversund skule og difor skal ta hand om nytt areal. Frådelinga er eit ledd i å sikre gjennomføring av tiltaket og gjennomføring av planen.

Slik vi ser det, vil ei innvilging av dispensasjon bidra til å realisere bygging av ny Alversund skule. Føremålet med plankravet vert ikkje tilsidesett, og vi ser ingen ulemper knytt til denne dispensasjonen.

Med vennleg helsing



Kjersti Alver og Harald Sagstad